



Høgskulen på Vestlandet

Jobbnorge-ID: 236044
Søknadsfrist: 04.01.2023
Nettside: <http://www.hvl.no>
Omfang: Heiltid
Varighet: Fast

Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi, samfunnsvitenskap og maritime studier, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

HVL si Avdeling for økonomi er leia av økonomi- og arealdirektør, som har det overordna ansvaret for området. Til det ligg ansvaret for HVL si samla økonomifunksjon, arealforvaltning, drift og prosjektoppfølgning. Til området ligg også verksemdsstyring og interntrevisjon.

Rådgjevar/seniorrådgjevar budsjett

Høgskulen på Vestlandet, Avdeling for økonomi har ledig ei fast stilling i 100% som rådgjevar eller seniorrådgjevar.

Om stillinga:

Stillinga som budsjetterådgjevar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) inneber styring av løyvingar frå Kunnskapsdepartementet og den interne fordelinga av denne mellom einingar. I tillegg er det fokus på langtidsplanar, digitalisering og automatisering av prosessar, oppfølging av resultatmål på ulike styringsparameter, innsatsområde og andre prioriterte tiltak. Budsjett- og økonomistyring vil vere viktige grep for HVL i framtida.

Arbeidsstaden er ved ein av HVL sine fem campus; Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal eller Stord.

Ansvars- og arbeidsoppgåver:

Arbeidsoppgåver i budsjettgruppa vil mellom anna vere:

- Økonomistyring på overordna nivå, analysar og støttetjenester innanfor økonomi og ressursbruk
- Implementering av nytt verksemdstyringssystem
- Bistå i digitalisering og automatisering av prosessar på budsjettområdet
- Økonomioppfølging, rådgjeving og rapportering til ulike leiarnivå/budsjettansvarlege i administrasjonen, toppleing og styret ved HVL
- Oppfølging av resultatmål på ulike styringsparameter, innsatsområder og andre prioriterte tiltak
- Budsjettering, prognosar, langtidsbudsjett og oppfølging/analyse av budsjett og rekneskap
- Opplæringsansvar for systembruk ved einingane

Kvalifikasjonskrav:

Vi søker ein person som:

- Har høgare utdanning innan økonomi eller IT, fortrinnsvis mastergrad eller tilsvarande
- Har analytiske eigenskaper, samarbeidsevner og nødvendig presisjon i arbeidet
- Har god skriftleg og munnleg framstillingsevne
- Er strukturert, kan prioritere oppgåver og vere leveransedyktig
- Det vil vere ein fordel med erfaring innan digitalisering og automatisering av prosessar

For stilling som rådgjevar vert det som utgangspunkt krevd minst to års relevant yrkeserfaring.

For spesielt godt kvalifiserte søkjarar kan stillingskoden som seniorrådgjevar vere aktuelt. Det er då krav om mastergrad.

Relevant arbeidserfaring og interesse for handsaming av tal knytt til styring av komplekse verksemdar vert vektlagt.

HVL nyttar Unit4 ERP som økonomisystem. Kjennskap til Unit4 ERP, universitets- og høgskulesektoren og erfaring med sakshandsaming i offentleg forvaltning vil vere ein fordel.

Vi tilbyr:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Høve for trening i arbeidstida

Stillinga som rådgjevar/seniorrådgjevar er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1434 - rådgjevar/1364 - seniorrådgjevar.

Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Det er søker sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, som attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller anna dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søker sjølv laste opp attesterte omsetjingar. Dersom vedlegga overskrid 50 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggast ved som lenkje.

Søknadar kan ikkje sendast på e-post til enkeltpersonar ved høgskulen.

Generell informasjon:

Vi gjer merksam på at unntak frå den offentlege søkerlista blir handsama etter reglane i Offentleglova. Søkarar som har bede om slikt unntak, blir varsla dersom ønske ikkje vert teke til følgje.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hol i CV.

Kontaktperson ved Høgskulen på Vestlandet er:

Fagansvarleg for budsjett og økonomistyring Kristine Tangen, tlf.: 55 58 71 04 / 951 16 694, e-post: krta@hvl.no

Samspel, berekraft og nyskaping

Samspel, berekraft og nyskaping skal kjenneteikne alt vi gjer.

Vi skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil.

[Les meir på våre heimesider.](#)

Video: https://www.youtube.com/watch?v=z-Py_In-Eyg&feature=youtu.be

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Bergen, Førde, Haugesund, Sogndal eller Stord 6856 Sogndal (Sogndal Kommune)